



Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 VADSØ

Referanser:
Dykkar: Bjørn Wie
Vår: 15/407 - 15/14193

Saksbehandlar:
Sveinung Kvamme
sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:
27.11.2015

Kommunale gebyr gbnr 71/11 Radøy kommune

I samband med overgang til nytt økonomisystem i Radøy kommune pr 1.7.2014, har det oppstått nokre få tilfelle der gamle, og i utgangspunktet avslutta, avtalar om avtalegiro er kopla på igjen på nokre eigedomar. Dette gjeld gnr 71/11, der Statens vegvesen er oppgitt som betalar. I og med koplinga til avtalegiro, er det ikkje sendt vanlege faktura til Statens vegvesen, men melding om avtalegirotrekk. Trekket er blitt gjort frå ein tidlegare deleigar sin konto, utan at denne har lagt merke til dette. Dermed har det i reskontro hos oss sett ut til at krava har blitt betalt av Statens vegvesen. Men det er altså ikkje tilfelle. Vi har spora kvar innbetaling attende til den tidlegare deleigaren. Vedkomande vil sjølvstakt få tilbakebetalt dei terminane det er tale om. Terminane det gjeld er 2014/2, 2014/3, 2015/1, 2015/2 og 2015/3. For termin 2015/3, med forfall 30.11.2015, har vi fått banken til å stoppa trekket hos tidlegare deleigar.

Vedlag ligg kopi av faktura for dei 5 terminane det er tale om. Vi ber om at faktura vert betalt til Radøy kommune snarast råd.

Vi har retta fakturaadressa for framtidige terminar. Desse vert også sendt som EHF-faktura, men merking etter avtale.

Vi seier oss lei for feilen, og det meirarbeidet dette påfører dykk.

Med helsing

Sveinung Kvamme
Økonomisjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Faktura_100016274
Faktrua_100002489
Faktura_100005898

Vedlegg:

Faktura_100009373

Faktura_100012838

Mottakarar:

Statens vegvesen

Landsdekkende 9815
regnskap

VADSØ